

---

Saksnr: 2021/19576-1  
Saksbehandlar: Berit Nyland  
Dato: 03.05.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for opplæring og kompetanse

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

---

## Politisk skuleval 2021

### Innleiing:

Utdanningsdirektoratet har sendt ut invitasjon til fylkeskommunane om å gjennomføre politisk skuleval 6. og 7. september. Utdanningsdirektoratet oppmodar fylkeskommunen til å halde god kontakt med ungdomspartia og skulane, for å sikre best mogleg logistikk rundt debattar og valborg i fylket. Skulevalet krev mange ressursar av ungdomspartia. Det kan vere utfordrande å fordele ressursane mellom skular dersom debattar og valborg i same fylke kolliderer. Dette gjeld også dei private vidaregåande skulane. Dei nasjonale ungdomspartia har ytra eit sterkt ønske om at fylkeskommunane går i dialog med partia om organisering av skuledebatt og valborg i god tid før skulevalkampen. Udir tilrår at fylkeskommunane legg opp til eit likt opplegg ved sine skular:

- Dersom smittesituasjonen tillet det, bør skulane arrangere både debatt og valborg same dag.
- Lengde på debatt avheng av tal paneldeltakarar. Minst 60, men ikkje meir enn 90 minuttar.
- Debatten må førebust og leiast på ein god måte. Ordstyrar for debatten bør vere ungdom, t.d. tillitsvald frå Elevorganisasjonen, eller elev som har tatt ordstyrarkurs.

### Merk!

Ein føresetnad for debattar ved skulevala bygger på lovverket om ytringsfridomen. Verken politiske parti eller skulen sin administrasjon skal bygge inn noko form for sensur av politiske ytringar. Dersom skular vel å finne løysingar på informasjonsflyt som avvik frå ordinær open informasjon, kan Udir unnlate å publisere data.

Udir og partia ønsker at skulevalkampen og skulevala vert gjennomført så likt ordinære tilhøve som mogleg med paneldebattar og valborg. Vidare tilrår dei at skuleeigar legg til rette for at representantar frå ungdomspartia kan reise for å delta i slike arrangement under føresetnad av at smittesituasjonen tillet det.

Udir har laga ei tilråding til korleis skulane kan legge til rette for ei smittevernfareleg trygg gjennomføring av valkampen. Løysinga må regulerast ut ifrå smittesituasjonen i det aktuelle området i august/ september. Følgjande fire alternativ for debatt og påfølgjande valborg er skissert.

### Paneldebatt:

Alternativ A:

Vanleg debatt med elevar som publikum i salen.

Alternativ B:

Ei mindre gruppe elevar følger paneldebatt i sal mens resten av elevane får tilbod om å følge debatten frå skjerm i klasserom eller heime. Dersom skulen vel denne løysinga vert det tilrådd at elevar over 18 år med stemmerett vert prioriterte i salen.

Alternativ C:

Paneldebatt med strøyming. Ingen elevar i salen, men tilbod om å følge debatten frå skjerm i kohortar/klasserom eller heimanfrå.

Digital paneldebatt D:

Dersom reiserestriksjonar gjer at paneldeltakarane ikkje kan reise eller det er knytt restriksjonar til tal på debattantar i gruppe.

Det vert understreka at elevane få må høve til å stille spørsmål til paneldeltakarane uavhengig av alternativ.

**Valtorg:**Alternativ A:

Ordinært valtorg.

Alternativ B:

Ordinært valtorg der elevar i kohort kan besøke valtorget.

Alternativ C:

Valtorg utandørs på eigna stad.

Alternativ D:

Digitalt valtorg dersom ungdomspolitkarane ikkje kan reise.

**Status administrasjon:**

Plan for gjennomføring av debattane er under utarbeiding. Denne vert presentert i møte med ungdomspartia 20.05.